



Asgeir Helle
Olaf Ryes vei 11 C
5007 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2306 - 17/22448

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.08.2017

Førebels svar på søknad om arealoverføring - gbnr 118/2 og 118/11 Tykhelle

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.07.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi har følgjande merknader:

Arealføremål

Eigedomane ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål (landbruks-, natur- og friluftsføremål). Alle tiltak som ikkje er knytt til gardsdrift eller næringsbasert verksemd knytt til gardsdrifta krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon før tiltaket kan godkjennast.

Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunnleggjande søknad. Vedlagt følgjer informasjonsark om dispensasjonar.

Nabovarsel

Søknaden er send til kommunen før nabovarselfristen er ute. Det må difor gjerast greie for om det ligg føre nabomerknader.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.10.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
dispensasjon

Mottakarar:
Asgeir Helle

Olaf Ryes vei 11 C 5007

BERGEN